

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2015**

**Alf Helge Greaker** sette fram slikt forslag:

"Hordaland fylkeskommune rår ikkje til utbygging av Drøllstølsbekken kraftverk."

### **Røysting**

Innstillinga vart vedteken med 13 røyster mot 2 røyster (V, SV) for Greaker sitt forslag.

### **Vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune rår med etterhald i pkt. 7 til utbygging av Drøllstølsbekken kraftverk.
2. I løvret må NVE krevja minstevassføring som tek omsyn til opplevingskvalitetane i vassdraget, ein levedyktig aurebestand og hekkande fossekall.
3. For fossekall må det setjast opp eigne reirkassar der trygge reirplassar forsvinn
4. I høve villrein må støydempande tiltak vurderast i anleggsperioden.
5. Revegetering av røyrgatetraséen må ha høg prioritet.
6. Dersom den arkeologiske registreringa avdekkjer automatisk freda kulturminne som blir råka av utbygginga, må ein ta høgde for at tiltaka må justerast eller leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.
7. Dersom dei skisserte planane om utbygging av alpindestinasjon og fjell-landsby i Sysendalen vert vedtekne, meiner Hordaland fylkeskommune at det av omsyn til friluftsliv og reiseliv kan vera gode grunnar til å gje avslag på søknaden om kraftverk. Hordaland fylkeskommune reknar med at NVE gjer ei separat vurdering av dette spørsmålet med bakgrunn i dei planane Eidfjord kommune har.